

INNSIGELSE frå Mattilsynet DK Nord Troms til saka:

Gjerdeelva Fallrettslag SUS - Søknad om å få bygge Gjerdeelva kraftverk i Lyngen Kommune, Troms

Mattilsynet forvalter Matlova og drikkevannsforskrifta. Vedtaksmyndighet og insigelsesmyndighet er delegert til distriktskontora. Mattilsynet uttaler seg i denne saka fordi utbyggjinga som er skissert vil få store konsekvenser for vannkilde og vannverk.

Vi viser til «Orientering til høringspartene om insigelses- og klagerett»

Gjerdeelva er vannkilden til Lyngseidet Vannverk som leverer vatn til 1100 innbyggjarar, sjukeheim, næringsmiddelbedrifter mm.

Vannverket har ikkje reservevannkilde.

Nedslagsfelt og kilde er basisen i den første hygieniske barrieren.

Den andre hygieniske barrieren er desinfeksjon med UV-anlegg. UV- anlegg er avhengig av klart vatn, høg nok UV-transmisjon for å fungera. Ved ugunstige forhold som store nedbørmengder eller kraftig snøsmelting, kan kapasiteten til UV-anlegget som det er i dag, begynna å bli knapp.

Graving og liknande aktivitet i nedslagsfeltet og elva ovanfor vannverket sitt inntakspunkt, vil gje auke av partiklar og grums i vatnet. Dette problemet kan vedvara i fleire år etter at gravinga er ferdig. Vannverket er ikkje laga for å kunna håndtera slike utfordringar. Ein **må rekna med at UV-anlegget ikkje vil fungera i periodar.**

Anleggsarbeid vil også medføre ein fare for forurensing med drivstoff, olje og liknande. Det skal lite til av slike produkt før drikkevannskvaliteten er øydelagt.

Vannverket sin tilgang på vatn har i perioder vore knapp. Det er viktig at Vannverket har god margin på vannkapasiteten med tanke på uforutsette hendelser, for eksempel lekkasjer som ikkje blir oppdaga og tetta med ein gong, og med tanke på framtida, vannbehovet kan auka for eit aktivt kommunesenter.

Konklusjon:

Ei utbyggjing av Gjerdeelva som er skissert i søknaden, vil føra til at Lyngseidet Vannverk ikkje kan sikra leveranse av vatn med drikkevannskvalitet med mindre

- Lyngseidet Vannverk etablerer ei anna vannkilde
- Lyngseidet Vannverk flytter inntaket så det kjem over området med anleggsarbeid. Men det vil mest sannsynleg gi for lite vatn.
- Lyngseidet Vannverk oppgraderer annlegget vesentleg slik at det taklar det som måtte koma av partiklar og grums i råvatnet. I tillegg måtte det etablerast eit system for å unngå forurensing med drivstoff og olje.

Evt andre løysingar med den same effekten, kan diskuterast.

Vannverket har plikt til å levera nok vatn av drikkevannskvalitet til ei kvar tid. Løysingar for å sikra dette, må vera på plass og godkjennast av Mattilsynet før eventuell oppstarttillatelse for kraftutbygging blir gitt.

Det må også vera heilt klart kven som har ansvaret for å drifta og stå for driftskostnadene til desse løysingane slik at hensikten, vatn av drikkevannskvalitet etter drikkevannsforskrifta og nok vatn blir oppnådd.

Tilgangen på reint drikkevatn er så vesentleg for samfunnet at Mattilsynet vil bruka innsigelsesretten i dette tilfelle. Vi kan ikkje risikera at Lyngseidet mangler reint drikkevatn i kortare eller lengre periodar fordi planer, vilkår eller avtaler ikkje blir fulgt opp som forventa.

Dersom løysingar for å sikra vannkilden og vannverket er etablert, vil vi vurderer om vi kan trekkja innsigelsen.

Storslett, 25.03.14.

Astrid Lende Einevoll

Mattilsynet DK Nord Troms